



**Godkjent 02.11.2011**

## Protokoll Kirkerådet (KR)

**26.09.2011-28.09.2011**

### **Kirkens hus**

Til stede:

Harald Askeland  
May Lisbet Hovlid Aurdal  
Kjartan Bergslid  
Helene Bjerkestrand  
Helga Haugland Byfuglien  
Anne Dalheim  
Berit Espeset  
Kristin Gunleiksrud

Ingrun Jule  
Svein Arne Lindø  
Jofrid Trandem Myhre  
Stein Reinertsen  
Tone Synnøve Øygard Steinkopf  
Unny Nome Sivertsen  
Elisabeth Thorsen  
Kjetil Aano

Fravær under enkelte saker, ved behandling og/eller da vedtak ble fattet:

Helga Haugland Byfuglien, sak 48/11, 50/11.  
Berit Espeseth, sak 48/11, 50/11, 51/11.  
Kristin Gunleiksrud, sak 43/11, 45/11.

Forfall uten vara:

Andreas Gotliebsen, hele møtet.

Til stede fra sekretariatet:

Berit Hagen Agøy  
Hans Arne Akerø  
Kristine Aksøy  
Knut Andresen  
Per Kristian Aschim  
Ole-Inge Bekkelund  
Sindre Eide  
Trude Evenshaug  
Åge Haavik  
Guro Hellgren

Jens-Petter Johnsen  
Kari Winger Karlsen  
Vidar Kristensen  
Øyvind Meling  
Gerd Karin Røsæg  
Jahn-Oluf Skonnord  
Synnøve Hinnaland Stendal  
Per Tanggaard  
Sissel Vartdal  
Gunnar Westermoen  
Paul Erik Wirgenes

Møtet ble ledet av Svein Arne Lindø, og som vanlig fulgte en ordningen med en saksordfører for hver sak. Det var ingen merknader til innkallingen. Møtet startet med andakt og seminar om Kirkeordning etter 2013. Seminaret ble holdt av Trond Bakkevig, leder i arbeidsgruppen, for å gi Kirkerådet innledning og grundigere forståelse av KR 50/11 Den norske kirke etter 2013.

## **Saksliste**

- KR 41/11 Referatsaker
- KR 42/11 Orienteringssaker
- KR 43/11 Trosopplæringsreformen - Administrative systemer for driftsfasen
- KR 44/11 Unntatt offentlighet, § 25
- KR 45/11 OVF 2010. Rapport for bruk av bevilgning
- KR 46/11 Nye kollektbønner/dagens bønn
- KR 47/11 Ny Salmebok
- KR 48/11 Misjon til forandring - Utfordringene fra Edinburgh 2010
- KR 49/11 Bispeutnevning i Borg
- KR 50/11 Den norske kirkes ordning etter 2013
- KR 51/11 Likeverd, inkludering og tilrettelegging.  
Mennesker med utviklingshemning i Den norske kirke
- KR 52/11 Forenklet bruk av Tekstboken
- KR 53/11 Kirkemøtet 2012 – program og saksliste
- KR 54/11 Kirkens frivillige arbeid – forebygging og håndtering av seksuellekrenkelseser
- KR 55/11 Kirkenett
- KR 56/11 Kandidatforslag til styret Praktisk-Teologisk Seminar (PTS)
- KR 57/11 Oppnevning av delegater til CPCEs generalforsamling i 2012

## **KR 041/11                      Referatsaker**

---

- KR 41.1/11    Protokoll Samisk kirkeråd
- KR 41.2/11    Protokoll Mellomkirkelig råd
- KR 41.3/11    Protokoll SMM
- KR 41.4/11    Ressursgruppen for kirkens tjenester ved katastrofer og ulykker, 29.03.2011
- KR 41.5/11    Protokoll Kirkens Nødhjelp
- KR 41.6/11    Protokoll Norges Kristne Råd
- KR 41.7/11    NFG protokoll 01.02.2011
- KR 41.8/11    NFG protokoll 14.04.2011
- KR 41.9/11    Foreløpig protokoll fra MKR 14.-15.09.2011
- KR 41.10/11   Foreløpig protokoll fra SKR 14.-15.09.2011

### **KR-041/11 Vedtak:**

Kirkerådet tar referatsakene til orientering.

## **KR 042/11                      Orienteringssaker**

---

- KR 42.1/11    Muntlig orientering fra KR, MKR, SKR og BM
- KR 42.2/11    2010 Årsrapport
- KR 42.3/11    Kulturfeltet
- KR 42.4/11    Church of Norways Response to the CPCE Doctrinal Discussion on Scripture – Confession – Church
- KR 42.5/11    Church of Norways Response to the CPCE Doctrinal Discussion on Ministry – Ordination – Episkopé
- KR 42.6/11    Utredning av fremtidige ordninger for Dnk, fra PF.
- KR 42.7/11    Kirkens innsats i forbindelse med 22.07.2011
- KR 42.8/11    Avtale om registrering av dåp
- KR 42.9/11    Kirkevalget
- KR 42.10/11   Orientering om Kirkemøteprotokoller
- KR 42.11/11   Rapport fra delegasjonstur til Kina
- KR 42.12/11   Kirkens Familievern
- KR 42.13/11   Økumenisk gudstjeneste, Kirkens Ressurscenter 15 år
- KR 42.14/11   Språkleg rettferd i trusopplæringa
- KR 42.15/11   Statusrapport trosopplæingsreformen
- KR 42.16/11   Nytt personalreglement for KR
- KR 42.17/11   Valgmenigheter
- KR 42.18/11   Tilstandsrapport for Dnk
- KR 42.19/11   Møtebok fra Klagenemnda
- KR 42.20/11   Uttalelse om oppfølging av Kystfiskeutvalgets innstilling

### **KR-042/11 Vedtak:**

Kirkerådet tar sakene til orientering.

**KR-043/11 Vedtak:**

Kirkerådet peker på de store utfordringene kirken står overfor når det skal utvikles tilbud for alle døpte mellom 0-18 år i hele landet, og understreker nødvendigheten av at Stortinget følger opp sitt vedtak fra 2003 med fortsatt økning i bevilgningene opp til minimum 250 millioner 2003-kroner.

1. Kirkerådet gir sin tilslutning til prinsippene som er skissert i sakspapiret og ber om at dette konkretiseres videre.

2. Kirkerådet ber FAD om at det etableres en ny funksjon for trosopplæring i Fellesrådenes regnskap og at forskriften endres tilsvarende.

**KR-044/11 Vedtak:**

U.off.

**KR-045/11 Vedtak:**

Kirkerådet tar den fremlagte rapport om bruk av midler fra Opplysningsvesenets fond i 2010 til etterretning.

**KR-046/11 Vedtak:**

1. Kirkerådet finner, med de merknader som fremkom i møtet, at forslag til kollektbønner/dagens bønn for kirkeårstiden 1. søndag i advent til Påskedag,

- gjøres tilgjengelig for utprøving i menighetene fra adventstiden 2011, på bokmål og nynorsk.
2. En forutsetning for dette er at også Bispemøtet finner dette tjenlig. Saken sendes derfor til Bispemøtet.
  3. Kirkerådet ber om at forslag til kollektbønner fra 2.påskedag til Siste søndag i kirkeåret/Kristi kongedag legges fram for Kirkerådet og Bispemøtet til behandling våren 2012.
  4. Etter noen års utprøving og en evaluering legges saken på nytt fram for Kirkemøtet etter regelverket for liturgisaker.

## **KR 047/11**                      **Ny salmebok**

---

### **Kyrkerådets handsaming**

På bakgrunn av framlegg frå Kyrkerådet under fyrste gongs handsaming utarbeide administrasjonen ei vurdering, og det blei røysta over dei ulike framlegga:

#### **Salmar som er foreslått inn**

Framlegg frå Elisabeth Thorsen

*Det finst ei jord som opnar opp* (Jon Fosse/Andreas Utne: Nattsalme), til rubrikk 47.2, Kveld.

Vurdering frå administrasjonen:

Salmen har vore vurdert i Prosjektgruppa, og blei ikkje teken inn der. Protokollen frå gruppa fortel at fleirtalet ikkje gjekk inn for å ta songen med. Teksten har element som det ikkje er enkelt å tolke innafor ramma av ei salmebok. Særleg er det uklårt korleis ein skal oppfatte dei siste to linene: ”di sjel er hans, du er hans verd, du lyser fram hans himmel”.

Rubrikken ”Kveld” har mange salmar, òg ein del av dei er nye. Jon Fosse er ikkje representert i framlegget til ny salmebok slik det no ligg føre.

Andreas Utne har laga ein flott melodi til teksten, der han elegant har løyst problemet med den varierende metrikken versa.

Framlegg: Administrasjonen meiner at teksten er for uklår i ei salmebok, og vil ikkje tilrå at Kyrkerådet røystar songen inn.

#### Vedtak

Samrøystes tatt inn i framlegget.

*Kringsatt av fiender* (Nordahl Grieg/Otto Mortensen: Til ungdommen), til rubrikk 43, Rettferd og fred.

Framlegget frå administrasjonen blei fremja på kyrkerådsmøtet og argument for og imot blei framførte.

Elisabeth Thorsen kom med eit framlegg om å ta med alle sju versa, ikkje berre dei fem som var fremja frå administrasjonen. I framlegget frå administrasjonen hadde ein ført vidare verseutvalet frå *Salmebok 2008* og *Treklang*, og som finst i *Lov Herren* (den katolske salmeboka). Dette verseutvalet går attende til den danske folkehøgskolesongboka (utgåva frå 1954), som er den mest utbreidde songboka i Danmark. Også fleire andre songbøker i Danmark og Noreg har desse fem versa. Det hadde berre lykkjes administrasjonen å finne to norske songbøker som har alle sju versa, nemleg songboka til folkehøgskolelaget (ikkje det kristelege) og boka *Norsk sang* som kom ut i 2008.

Framlegg: Administrasjonen meiner songen bør takast med i salmeboka med dei fem versa som dei fleste andre songbøkene har.

#### Vedtak

Songen takast inn i salmeboka – vedteke med 8 mot 6 røyster

Songen takast inn med 7 vers, vedteke med 10 mot 4 røyster

#### Framlegg frå Kristin Gunleiksrud

**For helse, glede, daglig brød**, til rubrikk 46.1, Ved bordet.

Verset er mest brukt som andrevers til ”O du som metter liten fugl”. Bordverset har ikkje vore med i *Barnesalmeboka* og ikkje i *Salmebok 2008*. Prosjektgruppa har vurdert songen og konkludert med at dei bordversa som er med i framlegget, er nok. Denne bordbøna syng ein likevel utan å nytte salmeboka.

Framlegget om berre å nytte andreverset (For helse, glede) i salmeboka, er nytt. Likevel meiner administrasjonen at rubrikken ”Ved bordet” har nok songar med dei som ligg i framlegget.

Verset står i bønneboka. På det viset vil samanstillinga av dei tre grunnleggjande elementa for eit godt liv – helse, glede, dagleg brød – vere å finne innafor salmeboka.

Framlegg: Administrasjonen vil ikkje rå til å ta verset inn.

#### Vedtak

Verset blir ikkje teke inn – vedteke med 9 mot 5 røyster

#### Framlegg frå Stein Reinertsen

**Kristne kom i morgenlyset**, (Eyvind Skeie/Joachim Neander) til rubrikk 2.2, Stefanusdagen.

Stein Reinertsen argumenterte for å ta songen inn, og meiner det er få andre salmar som set ord på situasjonen for dei forfølgde.

Administrasjonen meiner songen dekkjer eit viktig tema. Sjølv om relasjonen mellom melodi og tekst skurrar noko i vers 4, vel ein å sjå mellom fingrane med det.

Framlegg: Administrasjonen rår til at salmen blir teken inn.

#### Vedtak

Salmen blir teken inn – samrøystes

#### Framlegg frå Tone Synnøve Øygard Steinkopf

**Eg ser deg Gud i kvar den blom som tærer** (Johannes Barstad/Trond Kverno, Nos 287), til rubrikk

Salmen blei ikkje teke med i *Salmebok 2008*. Når prosjektgruppa har arbeidd med å skjære ned i den store mengda av salmar, har det vore trøgt med plass til å ta inn salmar som Salmebokkomiteen ikkje hadde funne plass til. Svært mange av salmane i *Norsk Salmebok* er førte vidare i framlegget, men denne er altså ikkje blitt teken inn att. Det er ikkje fordi salmen er dårleg, men fordi noko gammalt må bort om ein skal få nye songar inn. Men mange ser på salmen som verdfull og Barstad er tynt representert. Men eit stykke på veg er det andre salmar som dekkjer opp det tematiske i denne salmen. Melodien har vi i framlegget frå før.

Administrasjonen meiner det skal mykje til å ta inn ei salme no som korkje salmebokutvalet eller prosjektgruppa har funne plass til.

Framlegg: Administrasjonen rår til at salmen ikkje blir teken inn.

#### Vedtak

Salmen blir ikkje teken inn – vedteke med 8 mot 6 røyster

### **Salmar som er foreslått ut**

Framlegg frå Harald Askeland, blei trekt under handsaminga, men oppretthalde av Elisabeth Thorsen:

*Olav konge vil vi ære* (Rex Olavus, gjendikta av Arve Brunvoll), rubrikk 14.3, Olsok, side 281.

Det kom framlegg på kyrkjerådsmøtet om å ta salmen ut. Feiringa av Olsok er sterk nokre stader i landet, og derifrå har det vore klaga over det utvalet salmeboka gjev. Nokre av salmane i Norsk Salmebok har det ikkje vore naturleg å føre vidare (NoS 743 Fedrane kyrkja i Noregs land / NoS 744 Norges folk og Norges kirke). For å bøte på dette blei denne nye omsetjinga av *Rex Olavus gloriosus* teke inn. Ein har vurdert det slik at denne teksten ligg innanfor det Augustana seier om tilhøvet til helgenane: Ein kan "holde fram minnet om de hellige, for at vi skal etterlikne deres tro og gode gjerninger [...]. Men Skriften lærer ikke å påkalle de hellige eller å be om hjelp fra de hellige, for den holder fram Kristus alene som mellommann, forsoningsmiddel, yppersteprest og talsmann for oss (CA XXI).

For å gjere dette tydelegare ville det vere klokt å gjere den endringa som Brunvoll har nemnd som mogeleg: *Olavs minne vil vi ære*. Etter det vi veit, har denne omsetjinga frå 2002 berre stått på trykk i boka *Nådens morgenlys* frå 2005. Det skulle difor ikkje vere vanskeleg å gjere ei endring, jamvel i førstelina.

Administrasjonen vil gjerne at ein ber Arve Brunvoll om å sjå på det første verset ein gong til, med tanke på å få bort "Herrens vitne *utan svik*". Dessutan at det gjerast tydeleg kven bønna i vers 5 er retta til, til dømes ved å starte med: "Gud, i vona du oss halde ...".

Framlegg: Administrasjonen rår ikkje til at salmen blir teken ut no, men at det er ein føresetnad for å halde på den at opningslina endrast til "Olavs minne vil vi æra", samstundes som det blir gjort endringar i vers 1 og 5.

#### Vedtak

Salmen blir ståande, men det er eit vilkår at det blir gjort endringar i vers 1 og 5. Vedteke med 10 mot 4 røyster.

### Framlegg frå Tone Synnøve Øygard Steinkopf:

*Forunderleg eit vrak som meg* (Trad./Edvard Hoem), rubrikk 19, Jesus, frelsaren vår, side 390.

Det kom framlegg om å la denne salmen gå ut av omsyn til førstelina. Etter at salmen kom med i *Salmer 1997*, har mange hatt innvendingar mot opninga. Det gjeld syntaksen, men særleg ordet *vrak*. Originalteksten har ordet *wretch* (usling), ikkje *wreck* (vrak). Prosjektgruppa har gått fleire rundar med Hoem om opningslina i denne songen. Hoem vurderte mange løysingar, men fann ikkje noko han var nøgd med, og konkluderte med at det som står, er det beste.

Ei anna sak er at Hoem har nekta at teksten hans står parallelt med den engelske originalen. Han er prinsipiell motstandar av engelske tekstar i ei norsk salmebok. Det førte til at den engelske teksten måtte takast ut. Vi har med andre ord valet mellom anten å ha Hoems tekst eller den engelske originalteksten.

Framlegg: Administrasjonen rår til at Hoems tekst blir ståande som i framlegget.

#### Vedtak

Amazing Grace med engelsk tekst blir teke inn, medan Hoems tekst blir teke ut. Samrøystes vedteke.

### Framlegg frå Tone Synnøve Øygard Steinkopf om å ta salmen ut, blei trekt under handsaminga:

Framlegg frå Elisabeth Thorsen om at salmen flyttast til Maria bodskapsdag:

*Vente, vente Herrens time* (Hoem/Sommerro, Salmer 1997, 46), rubrikk 17, Guds skaparverk, side 335.

Det kom framlegg på møtet i Kyrkjerådet om å ta salmen ut. Denne salmen kan ein lesa på to ulike vis. Ein kan lesa heile salmen som ein Maria-salme. Vi gjer oss då til eitt med Maria når vi syng. Men salmen kan òg lesast meir allment, som ein salme for alle gravide til alle tider, med ei tilvising til Maria (v. 2).

Ein salme for gravide under rubrikken *Skaparverket* er meir fornyande enn nok ein salme for Maria bodskapsdag. Det er eit tema vi ikkje har elles i boka, og som prosjektgruppa har meint at det er verdfullt å ha med.

Det kom òg eit framlegg om å flytte salmen til Maria bodskapsdag. Prosjektgruppa har meint at det er meir fornyande å setje salmen under *Skaparverket* enn å setje han under Maria bodskapsdag. Han handlar om alle gravide like mykje som han handlar om Maria.

Framlegg: Administrasjonen rår til at salmen ikkje blir teken ut, og at han blir ståande der han står i framlegget.

#### Vedtak

Salmen flyttast til Maria bodskapsdag – vedteke med 8 mot 6 røyster

Framlegg frå Tone Synnøve Øygaard Steinkopf, blei trekt under handsaminga:

*Lat oss prise Gud, vår Fader* (Missale Nidarosiense/Ragnhild Foss/Arne Solhaug, NoS 282), rubrikk 17 Guds skaparverk, side 324

Dette er ein av dei eldste salmane i vår tradisjon (1100-talet), ein av dei vi har Noregs første trykte bok, Missale Nidrosiense (1519). Kan hende er salmen av norsk opphav. I alle fall gjev teksten ein vakker spegling av norsk natur (sjå vers 6 og vidare). Den eigenarta melodien gjev god lyfting til teksten.

Framlegg: Administrasjonen rår til at salmen ikkje blir teken ut.

Ikkje votert over – blir ståande

#### **Framlegg om dublettar**

Framlegg frå Tone Synnøve Øygaard Steinkopf:

*Tenn lys.* Framlegg om å ta med Skeies eigen nynorsktekst.

*Deilig er jorden.* Framlegg om å ta med *Fager er jordi*

Salmebokkomiteen vurderte ikkje denne omsetjinga av Gunnar Rysstad som god nok til å vere med som dublett i Norsk Salmebok. Den er heller ikkje med i *Sangboken*.

*Jesus, du er glad i meg.* Framlegg om nynorsk dublett.

*Jeg vil gjerne ha en venn.* Framlegg om å ta med nynorsk dublett: *Eg vil gjerne ha ein ven*

Framlegg frå May Lisbeth Hovlid Aurdal:

*Du er hellig, du er hel.* Framlegg om å ta med nynorsk dublett.

*Kjære Gud, jeg har det godt.* Framlegg om å ta med nynorsk dublett.

*Fra himlen høyt.* Framlegg om å ta med nynorsk dublett.

Vedtak: Kyrkjerådet bed administrasjonen om å vurdere å ta inn nynorske parallelltekster til desse sju songane.

Samrøystes vedteke.



## **Tekstendringar**

Framlegg frå Tone Synnøve Øygard Steinkopf, blei trekt under handsaminga.

*Maria gjekk i tornesnar*, framlegget side 150.

Det kom eit framlegg om å velje ein av bokmålstekstane til denne songen. Det ligg føre to bokmålstekstar som står side om side i Barnesalmeboka: *Maria var en møy så ren* (Thomas Beck, BSB 48) og *Maria gikk i torneskog* (Egil Hovland, BSB 49). Begge har vore i meir eller mindre flittig bruk, og det har ikkje vore mogleg å fastslå at den eine brukast meir enn den andre. Det som er påfallande, er at begge berre har dei første versa av den tyske originalteksten, og manglar dei versa som seier noko meir om kven Marias barn er, kva han heiter og kvifor han kom til verda. Prosjektgruppa har ønskt å hente fram eit par av desse versa, for at songen ikkje berre skal gjengi legenda om dei tørre kvistane som blomstrar når barnet kjem nær. Ut frå dette kom ønsket om ei ny omsetjing, og om ein skal ha ei ny omsetjing som ligg tettare på originalen, kvifor ikkje då velje å få songen på nynorsk?

Den omsetjinga som ligg føre her, er laga på oppdrag frå prosjektgruppa. Den følgjer det litterære mønsteret i originalen i langt større grad enn dei to bokmålsomsetjingane.

Framlegg: Den nynorske versjonen i framlegget blir ståande.

Ikkje votert over - Den nynorske versjonen i framlegget blir ståande.

### Framlegg frå Tone Synnøve Øygard Steinkopf:

*Deg vi lovsyng og ærar*, framlegget side 172.

Det kom framlegg om å velje bokmålsteksten til denne songen, ikkje nynorsk.

Originalteksten er svensk (Frostenson), den har vore omsett til bokmål. I dette tilfellet var det svært enkelt å ta songen over til nynorsk, utan å få mange endringar i teksten.

Grunnen til dette valet har vore å styrke nynorskprosenten i salmeboka.

Framlegg: Den nynorske versjonen i framlegget blir ståande.

### Vedtak

Salmen blir ståande på bokmål, vedteke med 11 mot 3 røyster.

### Framlegg frå Elisabeth Thorsen:

*Forfulgte kristnes Gud*, framlegget side 97.

Den første versjonen av teksten opna med dei litt trøblete orda "Du, de". Prosjektgruppa tok dette opp med Eyvind Skeie, som sjølv gjorde endringa i teksten. "Forfulgte kristnes Gud" er med andre ord forfattarens eigen nye tekst.

### Vedtak

Salmen blir ståande som i framlegget.

Vedteke med 8 mot 6 røyster.

### *Samefolkets song*, framlegget side 813.

Samisk kyrkjeråd har kome med eit ønskje om å ta bort det fjerde verset i alle fire språkversjonar. Det bør etter administrasjonens mening vere ei grei sak.

Administrasjonen vil òg nytte høvet til å gjere Kyrkjerådet merksam på dei siste orda i det siste verset: "Sameland for samene!" Generalsekretæren i Samisk kyrkjeråd, Tore Johnsen, har gjort greie for denne formuleringa, og vi siterer til orientering for Kyrkjerådet:

"En liten kommentar til avslutningen av sangen, som er ganske politisk med formuleringen *sameland for samene*. Det er viktig å merke seg den historiske konteksten dette ble skrevet i (1906). Der bygdesamfunns bruk av utmark og fjell ga grunnlag for allmenninger i Sør-Norge, slo staten om sin tenkning om rettighetsforholdene i Finnmark i siste halvdel av 1800-tallet og utviklet læren om

Finnmark som statens eiendom, med lokalbefolkningens ressursutnyttelse kun som en *tålt bruk* av staten. Samene hadde også i flere tiår allerede vært utsatt for sterke fornorskningstiltak. En del av dette var at i 1902 kom en ny jordlov i Norge som sa at for å kunne kjøpe jord, måtte man ha et norsk navn og ha norsk som dagligspråk. Så formuleringen handler om opplevelsen av å bli rettsløs i eget land, og ikke om å kaste ut mennesker av annen opprinnelse, slik f.eks. *Norge for nordmenn* mer er et uttrykk for.”

#### Vedtak

Kyrkjerådet følger innstillinga frå Samisk kyrkjeråd og tek ut vers 4 i alle språkversjonar av *Samefolkets sang*.  
Samrøystes vedteke.

#### Framlegg frå Kjetil Aano:

*Reis deg, Guds menighet*, framlegget side 744.

Det kom framlegg om å oppheve rettingane i vers 3, og gå attende til versjonen som stod i *Norsk Salmebok*.

Prosjektgruppa har vurdert dei formuleringane som er retta i vers 3 som ein rest av tanken om at heidningane (folkeslaga) sit i sitt mørker og ventar på at nokon skal kome med lyset til dei. Slike salmar har det vore mange av, men dei har gått ut av bruk. Dei er problematiske i høve til både kultursyn og misjonssyn.

#### Vedtak:

Salmen blir ståande som i framlegget.

Vedteke med 13 mot 1 røyst.

#### Framlegg frå Tone Synnøve Øygard Steinkopf:

*Guds kirkes grunnvoll ene*, framlegget side 571

Det ble gjort framlegg om å endre ”hun” til ”den” som pronomen for kyrkja, og slik halde på den forma salmen har i *Norsk Salmebok*. Etter at *Norsk Salmebok* kom, har det stadig vore klaga over at ein i denne boka reviderte vekk kyrkja som Kristi brud. Det er slik ho er framstilt i originalteksten og i den omsetjinga vi hadde i Landstads reviderte. Arve Brunvolls omsetjing i versjonen frå 1988 tek vare på dette trekket i teksten, men i eit språk som ligg nærare språktona i dag enn det teksten i LR gjer.

#### Vedtak:

Salmen blir ståande som i framlegget.

Vedteke med 12 mot 1 røyst (13 røysteføre)

#### Framlegg frå May Lisbeth Hovlid Aurdal - trekt under handsaminga

*Høgt frå den himmelske klåre*, framlegget side 529.

Det kom framlegg om å erstatte rimorda ”klåre” og ”tåre” med ”klåra” og ”tåra”.

I arbeidet med *Norsk Salmebok* var det brei semje om at ein ville freiste å kvitte seg med a-forma i ubunden form av dei linne hokjønnsorda. Denne forma blir ikkje brukt lenger i skolen, av di ho ikkje er i levande bruk i dei fleste dialektane. I denne teksten finst det eit slikt ord: di tåra (v. 1,3). Gjer ein det om til ”di tåre”, dreg det med seg at førstelina går frå dobbel til enkel bestemming: ”den himmelske klåre” i staden for ”den himmelske klåra”. Hankjønnsforma av smil (som i eldre språk) er ikkje endra.

Framlegg: Salmen blir ståande slik den er i *Norsk Salmebok* og i framlegget.

Ikkje votert over.

#### Framlegg frå May Lisbeth Hovlid Aurdal - trekt under handsaminga:

*Her kjem me, dine arme små*, framlegget side 43.

Det kom framlegg om å velje ordet ”gå” i nynorskversjonen (som i bokmål), i staden for ”sjå”.

Når ein går attende til den forma som er sunge inn, kan er det vanskeleg å endre på den. Nynorskteksten står no som i *Nynorsk Salmebok*, og slik bør det vere. Framlegg: Salmen blir ståande slik den er i *Nynorsk Salmebok* og i framlegget. Ikkje votert over

### **Melodiar**

Framlegg frå Tone Synnøve Øygaard Steinkopf om å ta med Ragnar Tesdals melodi som dublettmelodi til *Du som låg i natti seine* (NoS 130), framlegget side 157. Melodien har vore vurdert av prosjektgruppa.

Framlegg frå Kjartan Bergslid om å ta med Paul Okkenhaugs melodi som dublettmelodi til *Kjærlighet fra Gud* (NoS 669), framlegget side 703. Melodien har vore vurdert av prosjektgruppa.

Framlegg frå May Lisbeth Hovlid Aurdal om å ta med Johan Grimstads melodi som dublettmelodi til *Høgt frå den himmelske klåra* (NoS 486), framlegget side 529.

Framlegg frå Tone Synnøve Øygaard Steinkopf om å ta vekk som dublettmelodi Trond Kvernos melodi til *Fra fjord og fjære* (NoS 59), framlegget side 60.- Framlegget blei trekt under handsaminga.

Vedtak:

Kyrkerådet bed administrasjonen om å vurdere desse tre melodiframlegga. Samrøystes vedteke

### **KR-047/11 Vedtak:**

1. Kyrkerådet rår Kyrkjemøtet til å vedta ny salmebok for Den norske kyrkja slik ho er lagt fram på møtet i rådet i september 2011, med dei endringane som framkom i møtet.
2. Kyrkerådet sender framlegget til Bispemøtet for lærefråsegn med sikte på handsaming i Kyrkjemøtet.
3. Administrasjonen i Kyrkerådet får mynde til å gjere naudsynte justeringar i salmeboka fram mot Kyrkjemøtet 2012.

Samrøystes vedteke

### **KR 048/11**

### **Misjon til forandring - Utfordringene fra Edinburgh 2010 (KM-sak 2012)**

---

### **KR-048/11 Vedtak:**

Saken tas til orientering og bearbeides i henhold til samtalen i rådet og sendes tilbake til Kirkerådet for endelig vedtak i desembermøtet.

## **KR 049/11            Bispeutnevning i Borg**

---

### **KR-049/11 Vedtak:**

Kirkerådet har på sitt møte 26. – 28. september d.å. avgitt uttalelse om utnevning av ny biskop i Borg som følger:

Nr. 1: Paul Erik Wirgenes, 10 stemmer

Nr. 2: Atle Sommerfeldt, 7 stemmer

Nr. 3: Ørnulf Axel Elseth, 8 stemmer (med leders dobbeltstemme)

Dissens:

Nr. 1: Atle Sommerfeldt, 4 stemmer

Nr. 2: Ørnulf Axel Elseth, 5 stemmer. Anne-May Grasaas, 2 stemmer.

Nr. 3: Anne-May Grasaas, 7 stemmer

14 stemmer av 14 stemmeberettigede.

Saken ble behandlet i lukket møte.

## **KR 050/11            Den norske kirkes ordning etter 2013**

---

### **KR-050/11 Vedtak:**

1. Kirkerådet har mottatt fra direktøren utredningen "Kjent inventar i nytt hus" med forslag til Kirkeordning og kirkelovutkast. Kirkerådet ber om at det utarbeides et høringsdokument vedrørende Den norske kirkes ordning etter 2013. Et utkast legges fram for Kirkerådet i desember 2011, med sikte på ferdigstilling av høringsdokumentet på rådets møte i mars 2012. Det tas sikte på å gjennomføre høring slik at det kan fremmes sak for Kirkemøtet i 2013.

2. Kirkerådet ber om at det utarbeides en prioritert plan for videre utredninger i samband med utforming av Den norske kirkes ordning etter 2013.

3. Det igangsettes et arbeid med kartlegging av de økonomiske og administrative konsekvenser av arbeidsgruppens forslag. En oversikt over vesentlige risikoelementer

og økonomiske faktorer som vil kunne påvirkes av forslagene legges fram for Kirkerådet i desembermøtet.

## **KR 051/11                      Likeverd, inkludering og tilrettelegging. Mennesker med utviklingshemning i Den norske kirke**

---

Jofrid Trandum Myhre foreslo å omredigere forslag til vedtak slik at de to første setningen i punkt 2: *[Kirkemøtet vil advare mot en praksis som gjør at fostre med Downs syndrom eller andre funksjonshemninger velges bort ved abort. Dette er i praksis sortering av mennesker og rangering av liv og uttrykk for et annet menneskesyn enn det den kristne og humanistiske arven bygger på.]* flyttes til siste del av samme punkt.

Anne Dalheim fremmet følgende forslag:

- Tillegg pkt 3, 1.setning: ...og deltar i sin lokale menighet, også når det gjelder eget språk og kultur.
- Nytt pkt 7: KM viser til Strategiplan for Samisk kirkeråd, når det gjelder språk og kultur for den samiske befolkning.

Harald Askeland foreslo at pkt 5 i forslag til vedtak utgår: *Kirkemøtet ser behovet for at hvert bispedømme har en fagstilling som kan ivareta veilednings- og kompetanseutvikling i menigheter, kommuner og i møte med pårørende, verger og andre som ivaretar interessene til personer med utviklingshemning. Kirkemøtet ber Kirkerådet om å arbeide for å finne en permanent ordning for å ivareta det faglige ansvaret for inkludering av mennesker med utviklingshemning på nasjonalt nivå.* Forslaget falt mot 5 stemmer.

Anliggende fra Myhre og Dalheim ble innarbeidet i et bearbeidet forslag til vedtak, identisk med det som ble endelig vedtatt.

### **KR-051/11 Vedtak:**

Kirkerådet anbefaler Kirkemøtet å gjøre følgende vedtak:

1. Alle mennesker skal ha samme mulighet til å delta og høre til i den lokale kirkens fellesskap som likeverdige medlemmer, uavhengig av funksjonsevne og livssituasjon. Kirkemøtet slutter seg til den prinsipielle forståelsen som kommer til uttrykk i Kirkerådets uttalelse "Den norske kirkes betjening av mennesker med utviklingshemning. Likeverd, inkludering og tilrettelegging" (sak KR 57/2009). Kirkemøtet ber om at denne uttalelse legges til grunn for arbeidet i lokalmenigheten, og at dette området synliggjøres i menighetenes og bispedømmenes planer og rapporter. Kirkemøtet vil dessuten framholde at anliggendet i *Strategiplan for samisk kirkeliv* om rett til eget språk og kultur må realiseres også for mennesker med utviklingshemning innen den samiske befolkningen.

2. Kirkemøtet vil sterkt framholde samfunnets forpliktelse til å sørge for at de familiene som har barn med spesielle behov, får den hjelp og støtte de trenger og har rett til å få. Kirkemøtet vil også minne om den forpliktelsen kirken har til å bidra til at familier som får barn med behov for tilrettelegging, får den støtten som skal til for at de kan bli inkludert i menighetenes liv på en likeverdig måte. Kirkemøtet vil advare mot en praksis som gjør at fostre med Downs syndrom eller andre funksjonshemninger velges bort ved abort. Dette er i praksis sortering av mennesker og rangering av liv og uttrykk for et annet menneskesyn enn det den kristne og humanistiske arven bygger på.
3. Kirkemøtet ber Kirkerådet om å foreslå tiltak som kan bidra til å sikre at mennesker med utviklingshemning får en reel mulighet til å høre til og delta i sin lokale menighet. De som har problemer med å være i et stort fellesskap, må få tilbud som sikrer deltakelse og tilhørighet på andre måter.
4. Skal kirken være i stand til å inkludere mennesker med utviklingshemning ut fra deres egne forutsetninger og på en likeverdig måte, er det behov for kunnskaps- og kompetanseutvikling på alle nivå i kirken. Kirkemøtet ber derfor de kirkelige utdanningsinstitusjonen om å styrke grunnopplæringen innenfor fagfeltet. Samtidig ber Kirkemøtet Kirkerådet om ta initiativ til å utvikle et opplæringsprogram for menigheter og kirkelig personell som gjør kirken i stand til å inkludere mennesker med utviklingshemning.
5. Kirkemøtet ser behovet for at hvert bispedømme har en fagstilling som kan ivareta veilednings- og kompetanseutvikling i menigheter, kommuner og i møte med pårørende, verger og andre som ivaretar interessene til personer med utviklingshemning. Kirkemøtet ber Kirkerådet om å arbeide for å finne en permanent ordning for å ivareta det faglige ansvaret for inkludering av mennesker med utviklingshemning på nasjonalt nivå.
6. Kirkemøtet ber om at arbeidet for å opprette flere diakonstillinger intensiveres. Gode personellmessige ressurser er avgjørende for at visjonen om en kirke for alle kan realiseres lokalt.

Enstemmig vedtatt.

## **KR 052/11                      Forenklet bruk av Tekstboken**

---

### **KR-052/11 Vedtak:**

1. Kirkerådet slutter seg til prinsippene i vedtaket Nemnd for gudstjenesteliv har gjort om Forenklet bruk av Tekstboken (NFG sak 16/11)
2. Kirkerådet ber sekretariatet utarbeide veiledning for Forenklet bruk av Tekstboken i tråd med de prinsipper som fremgår i NFGs vedtak.
3. Saken oversendes Bispemøtet og Kirkemøtet til orientering.

**KR-053/11 Vedtak:**

1. Kirkerådet vedtar følgende foreløpige saksliste for Kirkemøtet 2012:

- KM 01/12 Innstilling fra protokollkomiteen  
KM 02/12 Valg og oppnevninger
1. Valg av dirigentskap for møtet
  2. Valg av tellekorps
  3. Valg av protokollkomité for perioden 2012 – 2016
  4. Valg av valgkomité for perioden 2012 – 2016
  5. Fordeling av medlemmer på Kirkemøtets komiteer
  6. Valg av komitéledere for møtet
  7. Valg av Kirkeråd og Kirkerådets leder
  8. Valg av Mellomkirkelig råd og Mellomkirkelog råds leder
  9. Valg av Samisk kirkeråd og Samisk kirkeråds leder
- KM 03/12 Orienteringssaker  
KM 04/12 Skaperverk og bærekraft  
KM 05/12 Ny salmebok  
KM 06/12 Revisjon av retningslinjer for OVF  
KM 07/12 Misjon til forandring – Utdringene fra Edinburgh 2010  
KM 08/12 Kirkeordning etter 2013  
KM 09/12 Likeverd, inkludering og tilrettelegging. Mennesker med utviklingshemning i Den norske kirke  
KM 10/12 Ordning for nominasjon og tilsetting av biskoper  
KM 11/12 Ordning for tilsetting av proster  
KM 12/12 Kirkelige valg 2011. Evaluering og oppfølging

2. Kirkerådet ber sekretariatet arbeide videre med planleggingen av Kirkemøtet 2012 ut fra de føringer som kom i møtet.

1. Arbeidet med forebygging og håndtering av overgrep i kirken er et viktig felt som fortsatt må prioriteres.
2. Kirkerådet tar opplysningene om arbeidet som gjøres i Samarbeidsråd for overgrepssproblematikk ut fra mandatet gitt i sak KR 58/08, til orientering.
3. Kirkerådet anbefaler heftet *Kirkens frivillige arbeid, – forebygging og håndtering av seksuelle krenkelses* og legger det til grunn for kirkens videre arbeid.

## **KR 055/11                      Etablering av Kirkenett AS**

---

### **KR-055/11 Vedtak:**

Kirkerådet gir sin tilslutning til at det i samarbeid med KA Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon, Opplysningsvesenets fond og Fornyings-, administrasjons- og kirke departementet arbeides videre med etablering av et aksjeselskap som skal være internleverandør av IKT-tjenester i Den norske kirke.



**KR 056/11                    Forslag til medlemmer av styret for Det praktisk-  
teologiske seminar**

---

**KR-056/11 Vedtak:**

Kirkerådet innstiller sokneprest Mari Wirgenes og personalsjef Ørnulf Axel Elseth som medlemmer av styret ved Det praktisk-teologiske seminar i perioden 2011-2015.

Som varamedlemmer innstilles seksjonssjef Synnøve Hinnaland Stendal og seniorrådgiver Øyvind Meling for samme periode.

**KR 057/11                    Nominering av delegater til CPCEs  
generalforsamling i 2012**

---

**KR-057/11 Vedtak:**

Kirkerådet oppnevner følgende delegater til CPCEs generalforsamling i 2012:

1. Biskop Erling Pettersen
2. Einar Vegge
3. Ingvill Hagesæther Foss